

Knut Magne Bjørnestad  
Postboks 26  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 23/4517 - 23/44330

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
06.06.2023

## **Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense kommuneveg - GBNR 316/4 Meland**

**Tiltak:** Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg  
**Byggjestad:** Grasdalsvatnet – Gbnr 316/4  
**Tiltakshavar:** Knut Magne Bjørnestad  
**Ansvarleg søker:** Knut Mange Bjørnestad

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for etablering av velteplass for tømmer – Gbnr 316/4

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for etablering av velteplass for tømmer. Næraste del av tiltaket vil ha ei minste avstand frå midt kommunal veg på 6,5 meter.

#### Vurdering/drøfting:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av velteplass for tømmer. Velteplass vil verte plassert i nedslagsfelt til kommunal drikkevasskjelde. Dersom ein skal etablere velteplass i nedslagsfelt til kommunal drikkevasskjelde, skal ein utarbeide ein plan på korleis ein har tenkt å sikre at drikkevasskjelda ikkje vert forureina.

Kommunal veg Kv.2136 har ei bruksklasse som tilseier at køyreøy ikkje kan være lengre enn 12,40 og ha maks totalvekt på 32 tonn. Dette gjer at ein ikkje kan nytte tømmerbil med hengar.

Kommunal veg Kv.2136 har bruksklasse: Bk8/32 - tillatt vogntoglengen 12,40.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

#### **Vedtak:**

Det er med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav til tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

**Løyve vert gitt på følgjande vilkår:**

- Minste avstand mellom ny driftsbygning og midt kommunal veg skal være minimum 6,5 meter, som om søkt.
- Da velteplass skal etablerast i nedslagsfeltet til kommunal drikkevasskjelde, skal det utarbeidast ein plan på korleis ein har tenkt å sikre at drikkevasskjelda ikkje vert forureina.
- Kommunal veg Kv.2136 har bruksklasse:  
Bk8, totalvekt 32 tonn og tillat vognlengde 12,40 meter.  
Lengde på køyretøy og totalvekt skal ikkje overstige dette.
- Tiltaket utløyer krav om søknad om endra bruk av eksisterande avkøysle.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, er at andre nødvendige løyver ligg føre.
- Alver kommune frå seier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg oppstår skade på tiltak, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skadar.

**Vedtaket gjev løyve til å plassere tiltak nærmare offentleg veg enn byggegrensa som er fastsett i Veglova. Vi gjer merksam på at tiltaket også er søknadsplichtig etter plan og bygningslova. Det skal ligge føre byggeløyve for tiltaket etter dette regelverket.**

Det er med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav til tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Knut Magne Bjørnestad

Postboks 26

5906

FREKHAUG